




# EID KOMMUNE RÅDMANNEN



Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030

0030 OSLO

Vår ref.  
07/404-3/K1-, K2-C60//HSK

Dykkar ref.

Dato:  
18.04.2007

## HØYRINGSBREV - BIBLIOTEKREFORM 2014- EID KOMMUNE


Det er gjort følgjande samrøystes vedtak i saka:

### VEDTAK I OPPVEKST- OG KULTURSTYRET 17.04.2007:

Oppvekst- og kulturstyret stiller seg bak utkast til høyringsfråsegn vedrørende Bibliotekreform 2014 frå Eid kommune, slik dette er lagt fram i møte 17.04.2007.

Viser til vedlagde høyringsfråsegn.

Med helsing

  
Haakon Skjerdal  
Kommunesjef Eid kommune

57 88 58 21/954 94 482

---

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Besøksadr. Rådhusvegne 11  
Org.nr. 938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)  
Heimeside:  
<http://www.eid.kommune.no>

# Bibliotekreform 2014 –fråsegn frå Eid kommune

## Bakgrunn

Reformarbeidet er heimla i mandat fastsett i 2004 frå Utdannings- og forskningsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet, (nå Kunnskapsdepartementet), om utgreiing av eit **samla bibliotekfelt**. Mandatet vart utforma i samsvar med dei grunnleggande premissa i St.meld. nr.48 (2002-2003) ” Kulturpolitikk fram mot 2014”. Utgreiinga vart utført av ABM-utvikling på oppdrag frå departementa. ”Bibliotekreform 2014” vart levert 25 .sept. 2006 og sendt ut med opprinneleg høyringsfrist 01.04.2007. Fristen vart seinare forlenga til 01.05.2007.

## Innleiing

Reforma har tre hovudelement:

### 1 Felles nasjonale digitale tenester.

Målet er eit digitalt bibliotektilbod som gjev alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Dette kan gjennomførast ved samarbeid mellom biblioteka, nasjonal koordinering og finansiering.

### 2 Norgesbiblioteket – nettverket av bibliotek i Norge.

Forslag om endring av bibliotekstrukturen for å gje eit betre og meir einsarta bibliotektilbod til alle. Ved konsolidering av små og middels store folkebibliotek til større einingar skal kommunane bli i stand til å utvikle fleire og betre bibliotektenester.

### 3 Kompetanseutvikling for dei tilsette.

Målet er å auke kompetansen i biblioteka. For å yte betre tenester skal dei tilsette ha både brei og oppdatert kompetanse.

Biblioteka skal utviklast vidare som ein arena for læring, kulturformidling, integrering og kulturelt mangfald. Dei skal bli meir synlege der brukarane er, både på nettet, i forskning og undervisning og i lokalmiljøet.

## Generelle kommentarar.

Situasjonen i biblioteka i Norge er svært ulik. Krav til bibliotektenestene om å vera aktuelle og lett tilgjengelege blir stilt samstundes som løyvingar til personale, lokale, media m.m. i mange kommunar blir nedprioritert. Det er difor stor trong for eit nasjonalt løft i biblioteksektoren.

Eid kommune meiner reforma er framtidsretta og inneheld mange nye positive element som bør kunne betre situasjonen samtidig som tidlegare viktige prinsipp består. Ein kan nemne:

- Samfunnsoppdraget vert vidareført.
- Gratisprinsippet står fast.
- Brukarfokuset blir forsterka.
- Det fylgjer midlar med fleire av satsingsområda.
- Alle typer bibliotek er med for fyrste gong - alle skal marknadsførast under same paraply – NORGESBIBLIOTEKET.
- Fag- og folkebibliotek skal sjåast under eitt.
- Felles tilgang til digitale tenester.
- Felles søke- og bestillingssystem for alle bibliotek.
- Transportordning.
- Kulturrådets innkjøpsordning vert utvida.

- Reforma er lite kontroversiell med unntak av forslaget om konsolidering.

### ***Del 1 Innhold og tjenester.***

- 1.1 Tilby digitalt innhold og nettbaserte tjenester.
- 1.2 Digitalisere viktige innholdsressurser.
- 1.3 Utvikle nye digitale tjenester.
- 1.4 Videreutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs.
- 1.5 Videreutvikle kultur- og litteraturformidlingen i bibliotekene.
- 1.6 Styrke bibliotekene som bidragsyttere til inkludering, integrering og kulturelt mangfold.
- 1.7 Styrke bibliotektenestene i fengslene.

### **Kommentarer.**

#### *Felles tilgang til digitale tenester.*

Brukaren kan søke i ein felles katalog, sende tinginga og hente boka på sitt bibliotek. Dette er eit nyttig tiltak for mange lånarar.

*Nasjonale lisensar.* For at folke- og skulebibliotek skal kunne tilby brukarane tilgang til lisensbasert materiale, skal det tingast fram nasjonale lisensar. Med tanke på eit mest mogeleg likeverdig bibliotektilbod er dette positivt og svært viktig. Mange folkebibliotek har i dag ikkje økonomi til å nytte seg av lisensbaserte tenester.

#### *Vidareutvikle biblioteket som læringsarena.*

Det er heilt naudsynt at det blir utvikla verktøy og metodar for opplæring i informasjonsøking og kjeldekritikk.

Å gjere all norsk offentleg forskning tilgjengeleg gjennom digital publisering er eit stort framsteg.

#### *Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka.*

Her er det skissert mange bra tiltak, som, om dei blir fylgd opp av øremerka midlar, er svært positive. T.d. blir ei styrking og utviding av dei offentlege innkjøpsordningane til også å omfatte film, helsa med glede.

#### *Styrke biblioteka som bidragsyterar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.*

Biblioteka er alt viktige aktørar på dette feltet, men har blitt til godesett med svært lite midlar til arbeidet. Skal tilboda vidareførast og utvidast, trengs det midlar.

For folkebibliotek i kommunar der innvandrarane utgjer små grupper med ulik språkleg bakgrunn og ofte med kortvarig opphald i kommunen, er Det fleirspråklege bibliotek ved Deichmanske bibliotek ein framifrå og mykje brukt formidlar av fjernlånstenester. Det er difor svært viktig at dette blir styrkt.

### ***Del 2 Struktur og organisering***

#### **2.1 Styrke og utvikle de organisatoriske enhetene i Norgesbiblioteket.**

*Etablere sterkere og mer kompetente folkebibliotek gjennom en konsolideringsprosess som omfatter bibliotekene i flere kommuner.*

Beskrivelse:

” For at bibliotekene skal kunne møte et kvalitativt godt bibliotektilbud, er det nødvendig å skape bibliotek med sterkere kompetansemiljøer som kan yte bedre tjenester og utnytte ny teknologi. Det må derfor etableres sterke bibliotek gjennom en konsolideringsprosess. Behovet for dette er størst i folkebiblioteksektoren. **Flere kommuner innenfor et geografisk område skal gå sammen om å etablere et felles konsolidert bibliotek, som vanligvis har minst en avdeling i hver av de kommunene det skal omfatte. Et konsolidert bibliotek skal ha minst 6-8 årsverk fordelt på variert bibliotekfaglig kompetanse.** Fylkeskommunene skal, gjennom et tett samarbeid med ABM-utvikling, være koordinatorene for å realisere de nye bibliotekene i et nært samarbeid med kommunene og bibliotekene. Fylkeskommunen bør utarbeide en bibliotekplan for sitt fylke, i samarbeid med kommunene, med sikte på omorganiseringer til konsoliderte bibliotek ut fra lokale forhold. Tidsperiode 2008-2014. Operasjonelt mål: I løpet av 2008 skal det i alle fylke være iverksatt prosesser for å etablere nye konsoliderte bibliotek som omfatter bibliotekene i flere kommuner.”

### **Kommentar.**

Det er positivt og nødvendig for både brukarar og tilsette med eit større og breiare fagleg miljø og det er gunstig at bibliotek med små stillingsheimlar kan bli mindre personavhengige. Men:

Ein saknar ein klarare definisjon av nemninga konsolidering. Er det meint ei organisatorisk samanslåing, må ein m.a. ta geografiske omsyn. Avstandane i reisetid kan ikkje vera for lange skal ei samanslåing fungere.

Korleis få eit smidig og tenleg felles administrasjonssystem i høve til det politiske nivået i kvar kommune, kommunar som i utgangspunktet har prioritert biblioteka svært ulikt? Korleis skal utgiftene fordelast?

Det er mykje bra i forslaget om konsolidering, men det som tener det enkelte lokalsamfunnet best må vera overordna mål for omorganisering. Eit samarbeid, interkommunalt og/eller internt med andre institusjonar i ein kommune, t.d. skulebibliotek, som tilsaman gjev 6-8 årsverk med bibliotekfagleg kompetanse, bør og kunne definerast som konsolidering og slik gje rett til midlar til utviklingstiltak.

Alle kommunar må vera garantert minst ei folkebibliotekavdeling.

## **2.2 Videreutvikle det fysiske biblioteket.**

Samlede mål for strategi 2.2:

Bibliotekene skal framstå som attraktive møteplasser i lokalsamfunn og utdanningsmiljø.

Biblioteklokale skal være tilpasset moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjoner.

*Tiltak: Etablere et investeringsprogram for biblioteklokaler og utstyre alle bibliotek med trådløst høyhastighetsnett.*

### **Kommentar.**

Det er svært positivt om det på nytt blir gjevne støtte til nye biblioteklokale med moderne formidlingsformer og funksjonar.

## **Del 3 Kompetanse og forskning**

3.1 Fornye den samlede kompetansen i biblioteksektoren

*Tiltak:*

- *Etablere et kompetansutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og de konsoliderte bibliotekene.*
- *Utvikle et hospiteringsprogram for bibliotekansatte.*

### **Kommentar.**

Etablering av kompetanseutviklingsprogram og hospiteringsprogram er nyttige tiltak som bør vera opne for alle bibliotektilsette. Alle må få tilbod om kompetanseheving, vidareutdanning og hospitering. Tilbodet bør ikkje gjerast avhengig av om biblioteket er konsolidert.

Vidare må tilbodet og vera ope for dei såkalla merkantilt tilsette. Dei utgjer nær halvparten av årsverka i norske folkebibliotek. Dei har langt på veg dei same arbeidsoppgåvene som bibliotekarane og har like stort behov, om ikkje større, for kompetanseheving.

Kompetanseutviklingsprogrammet må leggest opp slik at bibliotek ute i distrikta har økonomi til å nytte seg av tilboda. Fylkesbiblioteka bør ha ei oppgåve som regional samlingsaktør og kursarrangør i dette arbeidet.